



Trygve Fredheim (tidlegare Uskedalen) har fått Kongens Fortenestemedalje i sølv for mangeårig innsats i arbeidslivet og friviljug arbeid i lokalamfunnet. Då han budde i Uskedalen var han sterkt engasjert i lagslivet, ikkje minst i musikklaget, samstundes som han var dansemusikar.

Ordførar Synnøve Solbakken overrekte medaljen under haustsamlinga til Norske Landbrukstenester (biletet).

Fredheim har først og fremst gjort ein stor innsats for avløysarordninga frå han vart dagleg leiar i Kvinnherad Avløysarlag i 1983. Frå 1991 til 2007 var han også dagleg leiar i NLT som er ein interesseorganisasjon for alle avløysarlag.

Etterat han flytta til Mauranger var han ein aktiv pådrivar for skiping av eit bygdelag og har også gjort ein stor innsats for produksjon av laksesmolt. Opprustinga av Gardshammarvegen har også vore ein av arbeidsoppgåvene hans.

(Foto: Frode Alfarnes, Kvinnheringen)